

KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 8. februar 2016
Stad: Møterom Børilden, kommunehuset Austrheim
Kl.: 12.00 – 15.45
Tilstade: Solveig Hopen (leiar), Arne Kästel (nestleiar), Mariell Sundfjord Storebø (vara for Tore Austrheim) og Rolf Sandstad (medlem)
Innkalla:
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Tore Austrheim (medlem) og Bente Øksnes (medlem)

.....

06/16 Kontrollutvalet – ansvar, oppgaver og organisering

Saksvedlegg: «Kontrollutvalet Austrheim kommune - ansvar, oppgaver og organisering», notat frå sekretariatet – utkast delt ut i møtet.

Det føreligg eit forslag til eit dokument for kontrollutvalet om ansvar, oppgaver og organisering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgaver og organisering».

Kontrollutvalet ønskjer eit drøftingsmøte med kommunestyret med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgaver og organisering».

Kommunestyret ønskjer eit drøftingsmøte med kontrollutvalet med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

Kontrollutvalet ønskjer å ha rutine på at det vert vald eit medlem i kontrollutvalet i kvart møte til å signere møteutskrifta, i tillegg til at leiar og sekretariatet signerer.


Austrheim, 08.02.2016



Solveig Hopen /leiar



Arne Kästel /medlem



Tonje Husum Aarland /sekretær